

Program haust 2021

Prisar:

Fleire retreatstader praktiserer fleksibelt prissystem. Prisen er fleksibel innanfor ei ramme.

Bakgrunn: Vi ønskjer at den som treng å kome på retreat, ikkje skal hindrast av prisen. Samtidig har retreat- stadene behov for økte inntekter. Dette kan løysast ved at dei som har moglegheit betalar opp mot maksimumsprisen. Ved ektepar-pris, ta kontakt.

Inkludert i pris: Oppreidd seng, handkle, eige toalett/ bad, full pensjon, arr. avgift. **Vi startar helgearrangement med kveldsmat kl. 19.00 og avsluttar med lunsj/middag kl. 14 om ikkje anna blir sagt.**

Retreat/ temahelg **2 døgn:** Frå 1950,- til 2950,-

Retreat/temahelg **3 døgn:** Frå 2500,- til 4100,-



Ved påmelding/spørsmål:

Dagleg leiar Eva S. Langseth

Holmevegen 26, 6711 Bryggja

Tlf.: 57 85 34 25/93 42 33 00

E-post: holmely@normisjon.no

For meir info:

www.holmely.no

www.facebook.com/holmely

Gåve:

Kontonummer: 3000 14 72204

Vipps: #506517



«Eg vil gje dykk kvile»



HELGEARRANGEMENT

27. – 30. august: Temaretreat «Midt i nattens mørke blinker»

Ved kysten, nær Holmely, ligg fire fyr som har lyst opp i mørket for havgåande trafikk, i storm og stille. Denne retreaten vil vi besøke nokre av desse fyra og ha fyr-tema i bibeltekstar og refleksjonar. Leia av Brit L Hilde og Eva S Langseth.

09.-12. sept: Temahelg «I sjelesorg hos Jesus»

Kari Holmås underviser og deler. Det vil bli ei helg med element av retreat; rom for stille og eigentid, bibelmeditasjonar, bøn, fellesskap med kvarandre og Gud.

14.-17.sept: «Berre vere» - dagar

med Svanhild Juvik og Haldis Reigstad. Fellesskap, fritid og samlingar. Torsdag kveld blir det òg songkveld med Harry Andersen borte på Fjordly. Starter med kveldsmat tysdag kveld og avsluttar med lunsj på fredagen. Samlingane blir lagt til ca. kl. 10 og kl.17, for dei som berre vil kome innom.

30.sept – 3.oktober: Temaretreat «Dine ord gjev lys når dei opnar seg»

Marit og Audun Aase kjem tilbake med bibelmeditasjonar, installasjon og temarefleksjonar. Tema rundt krossen og Salme 119:130

25.-28.nov: Retreat for «Unge vaksne» (alder 25 – 40) Denne retreaten kjem Geir Otto Holmås og vil ha impulsar gjennom helga. Alderen oppgitt er ein pekepinn på målgruppe, men retreaten er for alle som kjenner seg som ung vaksen.

29.april – 1.mai 2022: Temahelg «I Guds omsorg»

Kurt Hjemdal underviser. Kurt har ei engasjerande og dagsaktuell formidling. Vi satsar på opne samlingar gjennom helga. Det blir satt av godt med tid til prat, fellesskap, bøn, turar og kvile.

DAGSARRANGEMENT

Bønelunsj kvar fredag kl. 1130-1230 (utanom skuleferiar)

Ta med matpakke og bli med på fellesskap i loftstova, og bøn i kapellet eller i bønehytta! (Samarbeid m/ Fjordly)

STILLE dag i ADVENT. Laurdag 4. desember kl.10 - 16

Vi setter av ein dag i advent med retreat-preg. Bibelmeditasjon, bøn, eigentid, samling med nattverd og stille måltid med musikk. Dagen leiast av Brit L Hilde og Sigrun B Raae. Pris: 400,- inkl. måltid. (Høve for overnatting fredag-laurdag m/ frukost. Dette må bestillast i tillegg)

Bøn -og lovsong (torsdagar kl. 19)

Vi kjem saman for å lovsyngje og be i lag, ha fellesskap med Gud og kvarandre. Kom og del, kom og ta imot! Kollekt. Høve for overnatting til fredag. PÅMELDING GRUNNA MULIG Plass- RESTRIKSJONAR.

- **23. september**

- **21. oktober**

- **18. november**

Songkveldar (kl. 18)

Vi ønskjer også denne hausten å invitere til fellesskap, deling frå Guds Ord, song og musikk. Kollekt.

. Høve for overnatting til dagen etter. Gje beskjed på førehand.

- **torsdag 16.sept Harry Andersen m/fl**

- **tysdag 7. desember Ove og Kari Laila Aksnes m/fl**

Bibel og kaffi (torsdagar kl. 19)

Desse kveldane kjem vi saman for å lese i Bibelen, dele med kvarandre, spørje dumme spørsmål og kloke spørsmål, ta opp ulike tema og drikke kaffi ilag. Kollekt.

- **2. september**

- **11. november**